

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 19.01.2015
SAKSHANDSAMAR: **Jan-Erik Lorentzen**
SAKA GJELD: **Budsjett 2015 for Helse Vest RHF - administrasjonen**

ARKIVSAK: 2015/1416/
STYRESAK: **006/15**

STYREMØTE: **04.02. 2015**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek budsjett 2015 for administrasjonen til Helse Vest RHF.

Oppsummering

Forslaget til administrasjonsbudsjettet for 2015 syner ei auka ramme i høve til kostnadsramma som blei vedtatt under styresak 128/14 Inntektsfordeling og resultatkrav 2015. Auken skjer hovudsakleg som følge av tekniske budsjettjusteringar som er gjort i løpet av 2014.

Fakta

Styret i Helse Vest vedtok under styresak 128/14 Inntektsfordeling og resultatkrav 2015, inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for administrasjonen på kr 114,9 mill. inkl. lønns- og rekneskapscenteret (LRS).

Kommentarar

Administrerande direktør tilrår følgjande budsjettamme for 2015:

Administrasjon	Beløp
Overført frå kjøp av helsetenester 2014	111 492
Deflatorjustering (3,1 %)	3 456
Justert administrasjonsbudsjett 2014	114 949
Administrative justeringar i 2014	4 899
Administrasjonsbudsjett 2015	119 848

Lønns- og personalkostnader

Helse Vest hadde ved utgangen av 2014 ei bemanning på 58 årsverk. I 5 av desse stillingane er det ikkje tilsett medarbeidarar per i dag. Desse stillingane er:

2 årsverk eigaravdelinga

Stillinga som vise AD har stått vakant sidan årsskiftet 2009/2010. Tidlegare stillingsinnehavar hadde ein særskilt erfaring og kompetanse, var fungerande administrerande direktør i ferie og ved fråvær og var styremedlem i alle helseføretaka. Administrerande direktør legg til grunn at det vil kunne bli behov for å bemanne stillinga med kompetanse på verksemdstyring/forretningsutvikling, og det er ønskjeleg å behalde den fleksibilitet som ligg i å ha denne stillingsheimelen tilgjengeleg.

I tillegg er det ei stilling som seniorrådgivar ledig etter at stillingsinnehavar gjekk av med pensjon i desember.

2 årsverk i fagavdelinga

Det er ikkje funne rette kandidatlar som kunne gå fullt inn i dei oppgåver stillingane krev.

1 årsverk i økonomiavdelinga

Vi har i løpet av 2014 ikkje lukkast med å få tilsett rett kandidat til ei stilling innan innkjøpsområdet.

Regionale fellesløsingar

Det er i budsjettet tatt høgde for at ei rekke regionale fellesløsingar blir dekt under budsjettet for kjøp av helsetenester. Dette gjeld mellom anna midlar til:

- Regional datavarehussatsing
- Systemeigar/arkitekt ressursar
- Innkjøpsprogrammet
- Innkjøp regional koordinator
- Innkjøp regionale ressursar
- Regional analyse funksjon
- Samhandlingsmidlar (sekretærstøtte)
- Interregionalt egedomsforum
- Regional pasientreisekoordinator

Andre driftskostnader

Driftskostnadane er i hovudsak justert og omprioritert i høve til historisk forbruk i 2014.

Lønns- og rekneskapsenteret

Lønns- og rekneskapsenteret (LRS) har auka sin aktivitet og har tilsvarende høgare inntekter. LRS har 11 årsverk i 2015.

LRS FINANSIERING 2014	IKT	RHF	Apoteka	Nasjonal IKT	SUM
Utfakturert/budsjettforslag	2 900	4 724	3 500	400	11 524

Alle tall i heile tusen

Eventuell aktivitetsvekst utover budsjett blir handtert gjennom auka inntekter.

Budsjettforslaget for administrasjonen er fordelt slik på enkeltpostar:

Budsjett for administrasjonen	2014	2015	Endring i %
(3) Sals- og driftsinntekter	111 492	119 848	7,5 %
(5) Lønnskostnad	-64 006	-70 217	9,7 %
(50) Lønn til tilsette	-44 061	-48 506	10,1 %
(52) Fordel i arbeidsforhold	-5	-5	0,0 %
(53) Annan oppgavepliktig godtgjersle	-2 162	-2 162	0,0 %
(54) Arbeidsgivaravgift og pensjonskostnad	-15 085	-16 574	9,9 %
(56) Kompetanse og rekruttering	-773	-924	19,5 %
(59) Annan personalkostnad	-1 919	-2 047	6,7 %
(6) Annan driftskostnad, av- og nedskrivning	-36 625	-39 324	7,4 %
(60) Av- og nedskrivning	-549	-780	42,1 %
(63) Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	-4 675	-6 055	29,5 %
(64) Leige mtu, maskinar, inventar o.l.	-275	-125	-54,5 %
(65) Utstyr og driftsmaterialer som ikkje skal aktiveras	-356	-1110	211,8 %
(66) Reparasjon, vedlikehald og service	-10	-10	0,0 %
(67) Eksterne tenester	-25 298	-25 709	1,6 %
(68) Kontorkostnad, trykksak o.l.	-4 442	-4 485	1,0 %
(69) Telefon, porto o.l.	-1 020	-1 050	2,9 %
(7) Annan driftskostnad av-og nedskrivning	-5 332	-5 583	4,7 %
(71) Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	-4 935	-5 074	2,8 %
(73) Sals- og reklamekostnad	-20	-20	0,0 %
(74) Kontingent og gåver	-115	-105	-8,7 %
(77) Anna kostnad	-200	-200	0,0 %
(9) Interne transaksjonar	-5 529	-4 724	-14,6 %
RESULTAT	0	0	

Alle tall i heile tusen

Kommentarar til dei største endringane:

- Auken i lønnskostnader utover ordinær lønnsvekt kjem i hovudsak av tekniske justeringar i løpet av 2014 der tidlegare frikjøpte/innleigde ressursar nå er tilsett i RHFet og synleggjort i lønnsbudsjettet. (Ref budsjett behandling 2014)
- Dei andre endringane er i hovudsak justeringar mellom budsjettpostar for å fange opp faktisk kostnadsnivå frå 2014. Desse går mot kvarandre og påverkar ikkje budsjettet samla sett.
- Dei interne transaksjonane dekker tenester og meirkostnader ved Lønns- og rekneskapsenteret.